

		
jalar		orn
NR 2 1979	AVISA TIL LANDSFORBUNDET AV RAUDE KOR OG KORPS	PRIS KR. 7



INNHALD:

Redaksjonelt	s	2
Leiar... ..	s	3
Kinaturen... ..	s	4
Notebanken.. ..	s	6
Emil Salut: Sluttord ...	s	8
Oppsummering av dirigent- seminar.	s	10
Leserbrev... ..	s	13
Bakside	s	16

BILETET

syner Sigve Bøe og Tromsø Rødt Kor under framføringa av syngjespelet " .. og folket synger i gatene".
Meir om dette i neste nr.

(Foto: Klassekampen)

REDAKSJONELT



Å drive ei progressiv avis i eit kapitalistisk samfunn er ikkje noko enkel affære - større aviser enn "Gjallarhorn" har røynsler om det. Men det naturlege hadde vore at det var samfunnet som la hindringar i vegen for oss, og ikkje lesarane sjølve.

Enno - meir enn 4 månader etter at vi sendte ut nr. 4-78 - fins det både grunnorganisasjoner og enkeltpersonar som ikkje har betalt dette. Og enno fleir er det som ikkje har betalt nr. 1-79, naturleg nok. Redaksjonen har prøvd å leggje opp økonomien etter ei "non-profit"-line, dvs. at dersom alle betaler, så berger vi (såvidt). Dersom nokon ikkje betaler, så fører det i fyrste omgang til at ein eller annan vi kjenner godt må vrenge lommeboka si for å betale utgiftene til trykking, utsending osv. I neste omgang fører det til at seinare nr. vert dyrare. Økonomikampanja i landsforbundet har sjølvsagt høgste prioritet for tida, men ingen må tru at dei kan få avisa gratis av den grunn. Difor kjem vi enno ein gong med ei innstendig oppmoding om at de betaler ned gjelda så snart råd er.



Avisa til Landsforbundet av Raude Kor og Korps.

Redaksjonens adresse:
Gjallarhorn, c/o Raudt Kor,
Postboks 1242, Singsaker,
7001 Trondheim.
Postgiro: 3 38 54 16

Landsforbundets adresse:
LRKK,
Postboks 1737,
5011 Nordnes,
Postgiro: 3 56 20 06

Når vi no er inne på innstendige oppmodinger, fell det naturleg å minne om innsending av stoff og bilete til avisa. Det skulle ikkje vante på emne å skrive om - diskusjonsinnlegg om t.d. plattformforma eller Emil-metoden, reportasjeinnlegg om kor(ps)a sine aktivitetar, fagleg-musikalske innlegg osv. Landsforbundet treng ein medlemsmasse som tek aktivt del i rørsla sine verksemder. Vi må ikkje vere nøgde med oss sjølve om vi går på øving ein kveld i veka og tykkjer at nei og nei, for ein hyggeleg kosekveld, men fri og bevare meg for å lette på lommeboka eller GJERE noko.

Stoffristen for neste nummer er 12. mai (samstundes med landsstyremøtet). Vi vcnar de vinn å framkalla bileta frå 1.mai og sende oss innan da.

Leiar:

BLI MED PÅ Å LAGE EI BETRE PLATTFORM !

Mange av forbundets medlemmer har motforestillinger mot den plattform vi nå har. Noen mener at den er altfor omfattende, og skremmer folk vekk. Ei hyppig innvending er også at den i alt for liten grad bærer preg av å være plattform til en kulturorganisasjon.

Motforestillingene ytrer seg bl.a. i ei utstrakt sabotering av plattform: Den blir ikke brukt aktivt av medlemmene. Mange medlemmer har ikke diskutert den enda. En slik situasjon er uholdbar.

Landsstyret tar derfor sikte på å ta plattform opp til revurdering på landsmøtet til høsten. Dette forutsetter at den er diskutert og kritisert av medlemmene på forhånd og at den utarbeides konkrete endringsforslag. Vi har derfor lage følgende opplegg til gjennomføringen av denne prosedyren:

1. Alle grunnorganisasjonene må holde minst ett møte (helst helgeseminar el.l.) på plattformdiskusjonen i løpet av våren. Dette er de eneste landsmøteforberedelsene som grunnorganisasjonene må gjennomføre før sommeren. Resultatet av disse diskusjonene sammenfattes og sendes sekretariatet seinest sammen med halvtårsmedlingene, d.v.s. 30. juni. Styrene må ta svarsvar for dette. Nedenfor følger våre forslag til spørsmål til disse diskusjonene.

2. Landsstyret/sekretariatet tar ansvar for å sammenfatte disse oppsummeringene over sommeren og på bakgrunn av dette utarbeide forslag til ny plattform som sendes ut sammen med de øvrige landsmøtepapirene til høsten.

3. Alle medlemmene har så anledning til å ta stilling til disse nye forslagene, og evt. komme med endringsforslag til landsmøtet.

4. Landsmøtet i november vedtar ny plattform, eller eventuelle endringer på den gamle.

Vi foreslår følgende to hovedspørsmål til diskusjonen i vår (med underspørsmål/problemstillinger) :

Hovedspørsmål nr. 1: HVA ER FORMÅLET MED EI PLATTFORM?

- Skal den uttrykke mest mulig av det vi står for politisk /kulturpolitisk som er felles, eller skal den inneholde det minste, absolutt nødvendige felles multiplum ?

- Skal den tjene til å forene oss med folk, eller er dens viktigste funksjon å avgrense oss fra forskjellige typer folk?

- Skal den "garantere" enhet på flest mulige politiske strids spørsmål, eller skal den gi grunnlag for diskusjoner om disse?

- Skal den sikre et 'høyest mulig politisk nivå' på folk som ønsker å bli med i et av våre kor /korps, eller skal den gjøre det mulig for folk og bli medlemmer først og fremst fordi de er glade i å synge/spille?

- Skal den først og fremst sikre oss mot å gjøre feil, eller skal den inspirere og oppfordre oss til å gå nye veier i form og innhold?

- Hva er vi i første rekke - en politisk kampanjeorganisasjon eller en musikalsk organisasjon, og hvordan bør dette komme til uttrykk i plattform? Bør plattform si noe om vårt forhold til andre kulturorganisasjoner, og i tilfelle hva?

Hovedspørsmål nr. 2: TA FOR DERE DEN NÅVÆRENDE PLATTFORMA, STRYK OG REVIDER! HVA MÅ ABSOLUTT BEHOLDES, HVA KAN MED FØRDEL FJERNES, HVA MANGELER, OG HVA ER DE USIKKER PÅ? MÅ VI NØDVENDIGVIS HA EN EBEN PLATTFORM I TILLEGG TIL VEDTEKTENE ELLER KAN DET HOLDE MED EN UTVIDA FORMÅLSPARAGRAF?

Dere trenger bare å svare på Hovedspørsmålene, underspørsmålene (1) er bare ment som 'inspirator' til å få diskusjonen på gli.

P.g.a. en strålende suksess, nemlig 'Århundrets konsert' i Tromsø, ble det ikke tid til å sende dette opplegget ut til hele LS for godkjenning før trykking. Det står derfor for AU's regning.

Lykke til med diskusjonene!

Greta og Gunnar .

KINA-TUREN

ei viktig representasjonsoppgåve

Som alle no veit, skal Landsforbundet sende 32 songarar og 22 korpsmedlemmar på turne til Kina i sommar, nærmare bestemt den 11 juni i år. Eg vil i dette innlegget slå til orde for at denne særskilte oppgåva blir oppprioritert i heile forbundet i den stutte tida som er att før avreise.

For det fyrste lyt det slåast fast at denne turneen er ei av dei viktigaste representasjonsoppgåvene forbundet vårt har hatt til no. Vi skal syne fram norsk og sosialistisk kultur til titusen av kinesarar, og dei har kanskje aldri sett eller høyrte norsk musikk før. Sosialistisk kultur kjenner dei, men kanskje ikkje så godt den som kjem frå vår del av verda.

For det andre skal vi ikkje gløyme at kinesarane har invitert oss og spanderar opphaldet på deltakarane. Dette pliktar oss til å gi dei noko for pengane. Vi kan ikkje stille opp og syngje dårleg eller å spele dårleg på denne turneen. Vi lyt presse evnen vår maksimalt og gjere så godt vi kan. Ein slik invitasjon

som vi her har fått pliktar oss til ei størst mogeleg mobilisering.

Vi som er så heldige at vi er tatt ut til turneen, vil sjølsagt få mykje ut av turen. Det trur eg alle ventar. Vi får sjå byar og folkekommunar og ymse attraksjonar som vi før berre har lest om. Vi får samtale med kinesarar om kulturelle og ålment politiske emner. Vi får kanskje sjå korleis kor og korps øver der borte. Vi ventar oss kort sagt mykje av turen.

Vi er også i den situasjonen at vi skal presse evnene våre musikalsk og kunstnarleg til det ytste fram til denne turen. Det er i seg sjølv eit gode. Forbundet skal vise kva det maksimalt kan yte etter skoleringskampanjer og nye øvingsmetoder. Vi skal føre saman folk frå ulike kor og frå ulike korps og sveise oss saman til eitt samstemt ensemble. Dette trur eg ikkje berre vi som reiser har glede av. Eg trur det kjem heile forbundet til gode, også dei som ikkje deltar.

Dei som ikkje deltar kan og

rekne med å få att for turen vår, at deltakarane kjem heim att med entusiasme og pågangsmot som kan smitte. Vi vil plikte oss til å føre over på heile koret det vi lærer.

Alt dette skulle vere argument for å gi turneen ei skikkeleg prioritering. Kva kan vere innhaldet i ei slik prioritering? Eg skal prøve å peike på kva styra i kora og korpsa kan gjere, kva deltakarane på turen kan gjere og kva dei andre kor/korpsmedlemmane kan gjere.

Styra må syte for at turne-deltakarane blir frigjort til å ha turen som ei reell hovudoppgåve. Dei må hjelpe ikkje-deltakarane til å halde kor- og



korps-aktivitetane oppe i den tida som kjem fram til vi reiser og medan vi er i Kina.

Turne-deltakarane må mobilisere seg sjølve maksimalt fram til avreise. Ekstra-øvingane må følgjast, skoft må unngåast så sant råd er. Berre sjukdom og arbeid bør vere gyldige fråversgrunnar. Dei som har familieplikter må syte for å avtale heime i god tid, og få mobilisert familiane sine til å skjønne kor naudsynt denne innsatsen er. Vi har mange nummer å øve inn på stutt tid. Difor er dette alvor. Samstundes må vi fylle vår plass i koret sine vanlege gjeremål. Dersom vi skoftar dei vanlege korøvingane kan dette skape misnøye og ovundsjuke i resten av koret, og skape kunstige motseiingar.

Ikkje-deltakarane må mobiliserast til å vere drivkrafta i koret sine vanlege gjeremål i tida fram til vi kjem att frå Kina. Dei må syte for at oppgåvene her heime i juni månad ligg klåre. Koret skal ikkje ligge brakk i denne tida, korpsa heller ikkje. På denne måten kan dei som ikkje skal reise vere med å frigjere krefter til den maksimale innsatsen turnedeltakarane skal yte før og under turen!

Stå på!

LGL,
Oslokoret

Rapport frå Notebanken

Dei to arrangementene eg vil omtala i denne avisa er 1. El Cargol (E) og 2. Solidaritets-
song for Tsjekkoslovakias folk (EK)

1. El Cargol er eit arr. for 5 stemmer (alten delt) og er skrevet av Emil Salut den siste mnd. han var i Bergen. Den ble skrevet etter ein ide som oppsto under ein samtale med nokre kormedlemmer i Rødt Kor. El Cargol er basert på ein spansk barnesang (Sniglen). Det er eit litt lengre arr. -97 taktar. Det er bygget opp fra det enkle - presentasjonen av den enkle melodien i alten og bygges gradvis opp til 5 stemmer med gjentakelse av det viktige i teksten og utbrodering av dette.

Arr. er svært godt laget og er ein stor utfordring til dei kora som er villige til å prøve å ta det opp på repertoiret. El Cargol er det musikalske minnet vi har frå Emil sitt opphold i Bergen.


2. Det andre arrangementet eg skal omtala er storarrangementet Solidaritetssong for Tsjekkoslovakias folk. -EK m/mannlig solist. Dette er ei omskriving av det arr. med samme navn som nokre av dere hørte i Oslo under pinsestevnet. Eg har oppsummert kritikken og andre reaksjonar som

kom meg for øret der om etterpå og har skrevet eit bedre arr. der eg har beholdt grunntanken i det gamle arr. Det nye arr. er blitt ein god del lengre enn det forrige. Eg har forlenget første delen først og fremst for at effektene eg bruker i 1. vers i orkesteret skal få tid til å sette seg. Eg skreiv det nye arrangementet under ledelse av Emil og det har ført til ein del omarrangering og omorkestrering i 1. del for å få effektene bedre fram. Eg har forenkla korarrangementet i 3. vers. Dette gjer det meir sangbart utan at det mister sitt særpreg. Arrangementet skal brukast i Kina og eg er svært spent på å høyra det framført på ny. Det er det største arrangementet eg har laga, og eg er godt fornøgd med resultatet på papiret.

Lykke til med innøvinga dere som skal til Kina.

Kau

Notebankansvarleg



SUPPLERINGSLISTE FRÅ NOTEBANKEN

Liste over arrangement som har kome til Notebanken fram til 12.03.79

Kode	Tittel	Forf.	Komp.	Arr.	Andre oppl.
B	1. Dei revolusjonære sin sørgemarsj	W.G.A.	N.N.I.	JEB	Har ikkje orig
	2. Partisanar frå Amur	S.A.	T.A.	JEB	"
	3. Sangen om den raude fana	?	H.E.	?	"
C	1. Vi hadde ikkje (?)	fransk	fransk	?	Til norsk:H.S. Veit ikkje tittel
D	1. Det e itjnå som kjøm tå seg sjøl	H.R.	H.R.	JEB	Har bare deler av arr.
	2. Krisestev	Jonas	No.trad.	Jonas	
	3. Rett til arbeid	"A.s.d."	Sv.trad.	JEB	Har ikkje orig
	4. Salvador	J.S.	?	?	"
	5. Sangen om den revo- lusjonære	?	?	?	Ingen oppl.
	6. Sangen om å lære	B.B.	H.E.	?	Har ikkje orig
	7. Seiren følger våre faner	A.P-A.	J.K.J	JEB	"
	8. 365 daga i eit år	T.G.H.	T.C.	JEB	"
	9. Ved Rundane	A.O.V	E.G.	?	
	10. Vekk med de!	F.Pro	F.Pro	OsloRK	"
E	1. El Cargol	Spansk	spansk	E.S.	
	2. Pål sine høner	?	No.Trad.	K.N.	
	3. Sluttsang	K.H.	S.K.	Jonas	
G	1. Arbeidermarsj	P.K.	No.trad.	P.K.	
	2. Varde	P.S.	J.H.	J.H.	Opptil 7st. i kor
AN	1. Utsikt fra Fløyen	H.J.	T.N.	?	N = piano
DL	1. Hemmeleg oppmarsj	Oktob.	H.E.	K.T.	med m.solist
DMN	1. Lovsong til revolusjonen	E.H.	S.H.	S.H.	ikkje partitur
DN	1. Riv ned gjerdene	?	?	JEB	(N = gitar)
EK	1. Solidaritetssang for Tsjekkoslovakias folk	EH+EH	OH+KS	K.T.	kv. solist
	2. Lovsong til revolusjonen	EH	SH	K.T.	m.solist

EMIL SALUT:

Sluttord til medlemene i Bergen

Før Emil reiste frå Bergen, heldt han ei avskilstale for medlemene i koret og korpset der. Her følgjer nokre av hovudpunkta:

Koret og korpset uttrykker bodskapen til Landsforbundet. Landsforbundet, koret og korpset har gode leiarar og rår over ein del kunstneriske talent. No avheng resultatet vidare i stort av medlemene sin sjølvdisiplin.

Landsforbundet kan liknast med ei furu: Greinene som held kong-

lene oppe er leiarane i rørsle. Kongla (grunnorganisasjonen) må vera kompakt, disiplinert. Dette kan berre skje gjennom den friviljuge sjølvdisiplinen til kvar einskild medlem. Korleis?

For det fyrste må alle vera punktlege. Er øvinga sett til kl. halv sju, skal alle vera på plass halv sju. Tek pausa slutt kvart over åtte, skal koret/korpset vera klar til oppslag frå dirigenten kvart over åtte. Då skal

NOTEBANKEN *forts.*

J	1. Gammeldans for blåseork.	?	?	R.A.	12 forskj. arr
	2. Mannen og kona	?		No. trad. Kr. sand RK.	6 stemmer
K	1. På veg	M.W.	M.W.	K.W.	mangl. partit
L	1. Nasjonalsanger for blåseinstrumenter	div	div	V.A.	24 sanger
	2. Valdresmarsj	(J.H)	J.H.	J.H.	
	3. Varde	P.S.	J.H.	J.H.	
	4. Ved Rundane	A.O.V.	E.G.	V.A.	

Kodeforklaring:

A	= kor, 1 stemme
B	= bl.kor, 2 st.
C	= bl.kor, 3 st.
D	= bl.kor, 4 st.
E	= bl.kor, 5 st. og meir

G	= mannskor, 4 st.
J	= korps, innt. 12 st.
K	= korps, 12-20 st.
L	= korps, over 20 st.
M	= div. blåseinstr.
N	= piano, trekkspel, gitar ol.

det vera slutt med småprat, støy, blaing i notar, utblåsing av vatn frå horna - heilt stille, og merksemda retta mot dirigenten.

Når dirigenten tek plass framfor oss, er han/ho ikkje lenger berre ein medlem, ein kamerat. Dirigenten er då ein autoritet, ein representant for Landsforbundet. Han må lydast. Respekt for dirigenten er eit absolutt vilkår for eit disiplinert og slagkraftig korps eller kor.

Tenk dykk operasjonssalen i eit sjukehus: Kirurgen bed om to klypar. Då må han få to klypar, og ikkje ei saks. Like seriøst må medlemene sitt tilhøve til dirigenten vera. Når dirigenten løfter armene til oppslag må han få stille og merksemd, ikkje hosting, skraping av stolar, blaing i pappir osv. Han må få full respons på teikna han gjev.

Kvar einaste medlem må til det fullkomne kjenne sin del, si stemme. Vi må lære utanboks, og vera uavhengige av å sjå i notane undervegs - berre då kan vi ha kontakt med dirigenten. Kvar einaste medlem skal reagere direkte på teikna frå dirigenten, ikkje reagere på det dei ved sida gjer. Fyrst då blir koret/korpset kompakt, og fleksibelt.

Dirigenten ber det fulle ansvaret for øvingsprogrammet, den tekniske innøvinga av numra. Han bør difor ha full fridom til å fast-

setja dette sjølv. Her er det ikkje rom for diskusjon. Dette i motsetnad til repertoaret, som heile Landsforbundet må vera med å diskutere og avgjera, i åpen diskusjon slik som no. Under innøvinga bør vi ikkje bryte av med spørsmål. Det er betre å ta dei i pausa.

Kvar einaskild medlem må studere og heve det musikalske nivået sitt. Her finst ikkje nokon mellomveg. Det duger ikkje å seia at "eg spelar måteleg bra". Anten er det godt, eller det er dårleg og må bli godt.

Medlemene bør vite kvar dei står, og ha eit øvingsprogram i samsvar med nivået. T.d. bør musikarar på eit lågt nivå øve seg i lange tonar, utan særleg bruk av ventilar/klaffar. Kvar må kunne si stemme før ein prøver på samspel. Samspel bør starte i små grupper.

Når nye medlemmer rekrutterast, bør dei gjevast separate øvingar eit par månader, så dei kan førebuast på disiplinen og få naudsynte forkunnskapar. Slik kan "kongla" haldast kompakt.

Leiarane må ha auge for sangarar som kan utviklast til solistar. Sjølv om få har styrke/intensitet i stemma til å bli verkelege solistar, vil somme kunne øvast opp over t.d. eit halvt år til å ut-

forts.s.I4

Oppsummering av dirigentseminar med Emil Salut

Dette seminaret ble delt inn i to hoveddeler:

- 1) Praktiske øvelser (taktering - dirigering)
- 2) Innstudering av et verk.

Første del startet Emil med å vise hvordan en dirigent burde entre podiet, raskt og beslutsomt - stå i en stødig stilling, i god balanse balanse (den ene foten litt foran den andre og med god avstand mellom føttene). Likeledes at man forlater dirigentplassen uten nøling eller somling når dirigeringen er ferdig; (eventuelt ta i mot applaus først) Dirigenten har nå gjort sin jobb.

Praktisk dirigering - prinsipper

A. Avslapning Før, innimellom og etter dirigering bør man slappe av ved å bøye seg fremover (armene nesten ned til gulvet), slappe av i armer, hode, skuldre og hals, og riste løs. ($\frac{1}{2}$ - 1 min.)

B. Alle etterfølgende øvelser ble gjort i tre forskjellige tempo: langsomt, middels og raskt, etter metronom. Metronomen var vårt orkester. For mye øving utelukkende etter metronom kan selvfølgelig virke uheldig hvis man får den uvanen å rette seg etter orkesteret. Orkesteret skal som kjent rette seg etter dirigenten. Det viktige er at man lærer seg opp til å kunne dirigere en jevn og stødig rytme uten hastighetsvariasjoner

dersom dette er nødvendig.

C. Først hørte vi hastigheten fra metronomen, så tenkte vi oss dirigeringen i denne hastigheten, så dirigerte vi. M.a.o. vi må tenke oss hvilken hastighet vi vil ha på sangen, og dirigeringen etter denne hastigheten, før vi løfter hendene for å dirigere.

D. Albuens posisjon skal være mest mulig fiksert, altså bevege seg minst mulig under dirigering. Dette la Emil svært stor vekt på under all trening. I all hovedsak er det hele underarmen som skal dirigere. Ikke så mye håndleddet eller fingrene (med unntak for spesielle signal). Det er ingen tvil om at på denne måten blir dirigeringen mer rasjonell og stil-




full. Mimikk ble ikke diskutert.

E. Høyre hånd utfører alltid takt-
Venstre hånd kan:

- 1) dirigere speilvendt av høyre hånd
- 2) dirigere parallellt med høyre hånd (for å engasjere kor(ps)et spesielt ved spesielle partier.
- 3) vise dynamikk
- 4) gi signal (eks. slå inn enkeltinstrumenter eller grupper.)

TAKTERING

2/4, 3/4, 4/4 etter vanlig takt-
figur:



Emil har ikke de vanlige taktfigu-
rene for 6/8, 9/8 og 12/8, men

underdeler 2/4 til 6/8, 3/4 til 9/8
og 4/4 til 12/8; ved å underdele
hvert punkt i tre med små bevegelse-
r i hånden.

eks: 9/8:



Underdelingen markeres tydeligst
der man vi markere hver 1/8 i takt-
en. Ved raskt tempo faller under-
delingen bort og eks. 9/8 blir di-
rigert som 3/4 i praksis.

Konkret eksempel fra en seminardag

- 1) Avslapning
- 2) 10 min.dir. i 4/4 takt, adagio.
- 3) avslapning
- 4) 10 min. dir. 4/4 takt, moderato
- 5) avslapning
- 6) 10 min. dir. 4/4 takt presto.
- 7) Pause 1/2 time.
- 8) Samme som ovenfor i 3/4 takt.
- 9) Avslapning Finito.

Konkret eksempel på et kursopplegg

1. dag) 2/4 og 3/4
2. dag) 2/4, 3/4 og 4/4
3. dag) repetisjon
4. dag) 6/8 og 9/8
5. dag) 6/8, 9/8 og 12/8
6. dag) repetisjon alt
- 7,8,9,10. dag) Innstudering av verk

Man bør øve seg foran speilet hver dag, slik at selve bevegelsene går automatisk, og man kan konsentrere seg om å høre etter feil.

Innstudering av et verk.

Som skoleverk brukte vi Brandenburgerkonsert nr. 2 av J.S. Bach. Emil mener at man først bør studere disse konsertene og lignende polyfone verker, og deretter studere opera (som er en slags samling av alle musikkformer.)

- 1) Les raskt igjennom og dann deg et bilde av helheten; den formmessige oppbygning osv.
- 2) Les vertikalt fra bassen hver takt og analyser harmoniene.
- 3) Les horisontalt hver stemme for seg (først i de øvre register), og hør samtidig på platen (hvis man har plate). Dette punktet er svært utviklende for øret - en øver seg til å kunne trekke ut og høre, hvert enkelt instrument (eller stemme) fra et kor(ps).
- 4) Hør på "helheten" uten partitur. En bør her konsentrere seg om å "rette inn øret" mot mellom-

registeret fordi; Det øverste registeret er lett å følge og høre, likeledes det laveste registeret. Konsentrerer en seg om mellomregisteret vil man kunne høre, oppfatte alle registre like sterkt, og man oppfatter etter hvert som man øver seg, mer og mer en tredimensjonal helhet.

- 5) Diriger verket etter partitur. Etter hvert konsentrerer en seg om å slå inn til rett tid, vise dynamikk osv.
- 6) Diriger foran speilet. Alt som gjøres må gå ganske automatisk, slik at man er forberedt på uforutsette ting og kan høre feil.

Dette er et objektivt referat fra Emils dirigentseminar, så lite som mulig preget av subjektive erfaringer.

Oppslutningen til seminaret var relativt god. Til stede var ca. 6-9 stk. hver gang. Deltakere fra Sosialistisk kor og Nordahl Griegteatret ble invitert, men møtte ikke noen gang.

Kort konklusjon fra deltakerne var at seminaret var utbytterikt både for nybegynnere og viderekomne; anbefales arrangert av samtlige grunnorganisasjoner. Dette referatet skulle være såpass fyldig at noen sterk ledelse ikke er noen tvingende nødvendighet for å kunne gjennomføre et utbytterikt kurs.

Per-Anders

Porsgrunn: Basar!

Me hadde lenge prata om å lage istand noko sjølve, og ikkje berre vente på invitasjon frå andre. Etter lang planlegging og fleire dugnadskveldar kom endeleg dagen: Grenland Raudt Kor laga BASAR! Heile koret var med på førebuingane: bestille lokale, bake kaker, samle/lage gevinstar, lage stand, selje lodd og billetter - og å snikre seng og sykle til dokka, som var hovudgevinsten.

På laurdag føremiddag hadde me store planar om å synge ute på gata i Skien og Porsgrunn, og selje lodd og billetter. Grade-stokken synte denne dagen -20°C , så synging vart det smått med. Loddsalget gjekk derimot unna, der me stod i økter på 10 min. kvar. Dokka sto utstilt, så det var ikkje vanskeleg å få overtydd folk om at det var lurt å ta eit lodd eller ti.

Allereie tidleg i planlegginga bestemte me oss for å ha ein barnefest i tillegg til festen om kvelden. Det viste seg å vere stort behov for eit slikt tiltak. Lokalet var fullt av ungar frå $1\frac{1}{2}$ år og oppover. Høgdepunktet var nok då julenissen kom med ein svær ryggsekk full av gotteriposar. Ellers fekk alle bollar og brus, og det

vart laga mange fine teikningar. Fleire spurde om ikkje koret skulle synge, og då fann me plutselig ut at me ikkje hadde nokon barnesong på repertoaret. Men det har me tenkt å rette på no.

Seinare på kvelden var det fest for "dei store", og sant å seie: "så moro hev me ikkje hatt det på lenge!" Programmet var ikkje så omfattande, men utanom korsangen var nok REV-5, revkrok-konkurransen med 17 deltakarar høgdepunktet. Her var det sjølv sagt om å gjere å vinne, men resten av forsamlinga kunne også vere med ved å tippe på kven som ville bli meister.

Dette var fyrste gongen koret opptredde sidan 11. september, og me fekk mykje skryt. Mest spanning knytte det seg til "Bruremarsj frå Seljord" som er siste nytt på repertoaret. Det var nok noko uvant at det berre var "lalling" og ikkje tekst til sangen.

Ut på kvelden serverte me heimelaga ertersuppe, kaker og andre forfriskningar. Dansen var det dårleg stell med, men det skuldast vel heller dårleg plass og lite varierte rytmer frå "anlegget", enn dårleg danselyst?

Siste organiserte del av festen var ein geografisk rebuskonkurransen og loddtrekning. Ein foreløpig oversikt syner at me har fått over 2000 kroner i kassa. Dette syneest me er bra,

og me synest også at basaren var eit stort framsteg i retning av å bli ein sjølvstendig organisasjon.

Ein ide til andre kor?

Aud - Grenland RK

PS: Ein annan ide for å betre på økonomien: flaskeinnsamling blant kjentfolk.



Gjør noe sjøl!

Gjør som Oslo Rødt Kor/Korps gjorde fredag 16/1 til inntekt for landsforbundet av Raude Kor og Korps.

Vi arrangerte åpen fest og sto for all underholdninga sjøl. Det var tilsammen godt og vel 150 mennesker på festen. De fikk oppleve hvordan Rødt Kor/Korps fungerte hver for seg og sammen. Korpsset spilte gammeldans-reperatoaret besto av fire ulike danser som ble godt mottatt. Koret sang en del sanger og vi hadde et fellesnummer. Videre deltok 2stk på to-rader, og et band som gjorde stormsuksess med bakoversveis og skinnjakker og "tupdua" jenter med hestehale og tyggegummi. Gruppa kalte seg "Åpent Sår" som er dekknavn for Rødt arr.

(Rødt arrangement). I løpet av denne festen klarte vi å samle inn ca. 6000kr. på salg av drikke, pølser, kaker, kaffe, lodder og inngangsbill. på 20kr pr. pers.

Vi takker alle som fikk denne festen til å bli så vellykket.

Hilsen en i festkomiteen.



EMIL SALUT: Sluttord

forts. frå s 9

føre soloparti på ein bra måte.

Sjølv om både koret og særleg korpset vil trenge eit halvt år, eit heilt år eller meir, for å nå det nivået som trengst for å føre kulturell kamp mot imperialismen, er baa no på rett veg.

- o -

Så langt Emil. Her er litt av kvart å leggja seg på minnet. Samsundes høyrer eg at somme medlemmer er usikre på om vi har medlemsgrunnlag for å bli kor og korps av Emil-typen. Kvifor ikkje føre den diskusjonen her i avisa?

JE

NY MUSTKK ?

I "Hundre blomster" nr.1-79 kjem komponisten Synne Skouen med ei utfordring til den progressive korrørsla. I intervjuet, som dreiar seg om norsk samtidsmusikk, seier ho mellom anna:

"..Men i tillegg kan alle andre hjelpe til med å få ny musikk ut av isolasjonen. Ta korene på venstresida, for eksempel. Hva kan de gjøre? Jo, de kan søke Kulturrådet om midler for å kunne bestille et verk fra en nålevende komponist. Både profesjonelle og amatørensemble kan gjøre det - og det finnes et utall muligheter, hvis folk først vil bruke oss."


Denne utfordringa opnar for ein spennande diskusjon om musikkalske uttryksformer i den pro-



gressive musikkorrørsla. I ein slik diskusjon kan det vere ei god byrjing å lese intervjuet med Synne Skouen. Eg kastar hansken over til resten av LRKK, og særleg LS.

Arnfinn


PS: I tillegg vil eg anbefale "Hundre Blomster" for alle som steller med musikk.



Dette nummeret rakk diverre ikkje ut til alle før etter påske, og redaksjonen har difor vedteke at teikninga t.v. syner ein fyrste mai-kjukling i staden for det ein skulle tru.


Lukke til i fyrste mai-arbeidet!

Siden ingen hittil har fulgt vår, innstendige oppfordring om å sende stoff og illustrasjoner fra det daglige livet i de forskjellige deler av vårt forbund, ser vi oss tvunget til å fortsette vår populære serie "Trondheim Raudt Kor i hverdag og fest"



Bildet til venstre viser koret under øvelse. Som man vil se, er entusiasmen og mangfoldet i koret stort. Altene har nettopp vært ute på stemmeøvelse, og blir hjertelig mottatt hos basser og tenorer, som har felles øvelse.

En idyllisk scene fra notekurset. Her har man tatt blokkfløyten til hjelp for å definere intervallene. Som man ser, har lederen (t.v.) flittige elever. Notelesningens kunst er vanskelig, men kan beherskes ved flid og målbevisst arbeid.



Og så - det store øyeblikket. Vi trer frem for vårt publikum og viser fruktene av vårt arbeid. Koret flokker seg rundt dirigenten for å få de siste oppmuntringer før vår opptreden på Kvinnefrontens festmøte i Folkets Hus, 4. etg.